

Fra: Jørn Kippersund [jorn@kippersund.no]  
Sendt: 8. mars 2012 22:09  
Til: Postmottak HOD  
Emne: Høringsuttalelse vedr. ny fastlegeforskrift

Det følgende er vedtatt høringsuttalelse fra allmennlegeutvalgene i Ørsta og Volda. Vi ønsker dette skal tas inn som høringsuttalelse:

Uttale frå allmennlegeutvala i Ørsta og Volda:

Fastlegane i Ørsta og Volda seier nei til forslaget om ny fastlegeforskrift.

Helse- og omsorgsdepartementet har lagt fram forslag til ny fastlegeforskrift. Allmennlegeutvala i Ørsta og Volda ser på forslaget som øydeleggjande for fastlegeordninga slik vi kjenner ho. Forslaget vil gje dei sjuke eit dårlegare allmennlegetilbod, skape meir byråkrati for kommunen og vere ei katastrofe for rekrutteringa av legar til allmennmedisin.

I forskrifta er det lista ei lang rekkje detaljerte forslag som truleg er meint å skulle gjere tilgangen til fastlegen bedre. Realiteten er at fastlegen med forskrifta vil vere mindre tilgjengeleg for pasienten grunna dei nye oppgåvene fastlegen no vert pålagt. Fastlegen vil ikkje lenger få høve til å prioritere arbeidsinnsatsen ut frå medisinsk alvorgrad og fagleg skjønn. Også kommunane er pålagt nye store tilsyns- og kontrolloppgåver som vil leggje band på store ressursar.

Forslaget vil bety fleire og kortare konsultasjonar, og med det høgre inntekter for fastlegane, men vi er djupt bekymra for at dette vil bety dårlegare tilbod til dei kronisk og alvorleg sjuke.

Det er nyleg innført ei omfattande samhandlingsreform i Norge der kommunane er pålagt nye store oppgåver. Forslaget til fastlegeforskrift vil gjere det langt vanskelegare for kommunane å gjennomføre desse oppgåvene. Dette vil ha både menneskelege kostnader og store negative økonomiske konsekvensar for kommunane.

Norske fastlegar arbeider i gjennomsnitt 46 timer per veke. I tillegg kjem legevakt. Det einaste som kan gje betre tilgang til fastlegane, er fleire fastlegar. Forslaget inneber ei uavgrensa arbeidsmengde for fastlegane og vil gjere det særskilt vanskeleg å rekruttere nye legar til fastlegeyrket.

Gjennom forslaget prøver staten å førespegle befolkninga ein utopi. Verken kommunane eller

fastlegane vil kunne innfri denne utopien. Dette vil i neste omgang svekke tilliten mellom befolkning og styresmakter.

Eit av ledda i forskrifta er pålegget om at fastlegen skal drive oppsøkande verksemd og gripe inn dersom folk som kanskje har behov for medisinsk oppfølging ikkje sjølv tek kontakt. Pålegget gjeld uavhengig av alvorsgrad og uavhengig av evna den det gjeld har til å ettersørje helsehjelp. Dette inneber eit dramatisk verdival for samfunnet der staten tek over individet sitt personlege ansvar.

Noverande fastlegeordning er blitt til i eit 3-part samarbeid der staten, KS (kommunenenes sentralforbund) og legeföreininga har forhandla fram ei ordning som skårar høgt hjå publikum med omsyn til tilfredsheit. Med det nye forslaget går staten inn med ein-sidig detaljstyring og riv bort tilliten mellom partane i samarbeidet.

Allmennlegeutvala i Ørsta og Volda vil på det sterkaste oppmode Helse og Omsorgsdepartementet om å trekke tilbake utkast til forskrift i si noverande form. Skal ei fungerande fastlegeordning bli endå betre, treng ein å lytte til fagfolk og kommunane som faktisk skal utføre det arbeidet befolkninga og staten ønskjer.

Om forslaget til forskrift blir vedteke slik det no er lagt fram, ser vi ikkje for oss at vi kan halde fram å arbeide som allmennlegar innanfor fastlegeordninga. Dei same signal er kome frå allmennlegar over heile landet. EI velfungerande ordning vil med dette verte øydelagt.

Uttalen er samrøystes vedteke i allmennlegeutvala i Ørsta og Volda.

Bent Ingebrigtsen (s)  
Reinertsen (s)  
Tillitsvald, allmennlegane i Volda  
allmennlegane i Ørsta

Sjur  
Tillitsvald,